

Høyring om skisse til studiereform, datert 08.12.2017: spørsmålet om samling av Forvaltningsrett I (jus 111) og Forvaltningsrett II (jus 123)

I to av dei tre alternativa er det lagt opp til ei samling av Forvaltningsrett I og Forvaltningsrett II på andre studieår.

Det er mykje positivt å seie om dagens studieordning – inklusive det å ha Forvaltningsrett I som det første reine jus-kurset på studiet –, men intensjonen om å redusere talet på eksamenar verkar rimeleg. I så fall synest ei samling av forvaltningsretten til eitt emne å vere ei naturleg løysing. Sett frå ein fagleg ståstad vil dette også ha openberre fordelar og mellom anna gje auka rom for fordjuping. Ei samling vil vidare gje eit naturleg rom for utvikling på oppgåvesida, til dømes gjennom det fagspesifikke tekstformatet «forvaltningsvedtak».

Ei auke i talet på studiepoeng med 3 – til 30 – er føresett brukt til betre integrering av juridisk metode, samt internasjonaliseringa av forvaltningsretten: særleg i lys av EØS/EU. Desse føringane er uproblematiske. Særleg i Forvaltningsrett II er metodeelementet tungt inne allereie i dag, då med fokus på særlege rettskjeldeprinsipp. At eit samla fag også må ta sin del av den allmenne metodeopplæringa er rimeleg. Auka vekt på internasjonalt materiale har også vorte sett i verk dei siste åra.

Skissa reiser også andre problemstillingar, men i denne runden er det vel spørsmålet om samling av dei to emna som er det viktigaste.

Det juridiske fakultet, 19.01.2018

Bjørn Henning Østenstad

Sigrid Eskeland Schütz

Anneken Kari Sperr

Ingunn Elise Myklebus

Henriette Sinding Aasen